

3. oktober 2014
18:14

Rune Kilen

Fra: Rune Kilen
Sendt: 21. august 2014 09:52
Til: info@knarvikmila.no
Kopi: Arne Eikefet (Arne.Eikefet@lindas.kommune.no)
Emne: Knarvikmila 2014 - bruk av vegnettet

Knarvikmila 2014 - bruk av vegnettet

Syner til søknad frå Knarvikmila 2014 om bruk av kommunalt vegnett i samband med arrangementet. Lindås kommune finn å kunne gje løyve til dette på følgjande vilkår:

- Ingen parkering vert tillete langs dei kommunale vegane. Parkeringa må skje på parkeringsplassar og eventuelt i parkeringshusa i området.
- Utrykkingskjøretøy, samt bebuarar i området må varslast om kjørerestriksjonar, stengde vegar og eventuelle omkjøringsmoglegheiter. Det må være tilstrekkeleg med vaktar som kan dirigera trafikken, slik at utrykkingskjøretøy i ein krisesituasjon slepp fram utan at deltakarane og tilskodarar kjem i fare.
- Dersom det også i år skal setjast opp bru over Lonsvegen, skal denne merkast forsvarleg med refleks, blinkande lys i mørket, og med skilt som oppgjev maks tillete kjøretøyhøgde. Ved innkjøringa til gravplassen og ved krysset Juvikstølen/Lonsvegen skal det monterast "galgar" med markeringsskilt, slik at kjøretøy over tillete høgde tek oppi.

Ved avkjøringa frå E39 og ved "Gymnaskrysset" skal det 3 dagar på førehand setjast opp skilt, storleik ca 0,5 m2 stort, med gul eller grøn bakgrunn, som syner at Lonsvegen er stengt for gjennomkjøring i det aktuelle tidsrommet.

- Vegstenging og eventuell omkjøring gjennom Stallane og gamle Juvikstølen skal varslast i lokalavisene.
- Torsdag ettermiddag eller fredag formiddag før arrangementet skal Lindås kommune ha tilbakemelding om kor vidt alle pålegga er oppfylt, eller eventuelt kva som gjenstår.
- Når arrangementet er ferdig så skal all merking av løypene fjernast. Vi ynskjer lukke til med arrangementet.

Med vennleg helsing

Rune Kilen

Avdelingsleiar Veg

Eining for teknisk drift, Lindås kommune

56 37 56 82 / 474 80 311 Fax. 56 37 50 01

rune.kilen@lindas.kommune.no